

# Os Kyrkjeblad


Nr. 2 / april 2019 / 74. årgang



## Fasteaksjonen

Brønnene til Kirkens Nödhjelp gir rent vann til over 25 tusen i Puntland.

[Les meir på side 3](#)



### Kyrkjebygget i Mustamäe

Draumen vert verkeleg, steg for steg

[Side 5](#)



### Konfirmasjon i Os Kyrkjelyd

Oversikt over gudstenester, tider og konfirmanter

[Side 6](#)

**Kyrkjevalet  
8.-9. sep. 2019**

### Kyrkjevalet

Hausten 2019 kan du stemme i to kyrkjeval

[Side 12](#)

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

**REDAKSJON:**

Margrethe H. Askeland og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd**ANSVARLEG REDAKTØR:**  
Margrethe H. Askeland**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**  
Birgit Tarlebo**FOTO FRAMSIDE:**  
Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp**TRYKK:** Borge Grafisk AS**OPPLAG:** 8.800 stk**OS SOKNERÅD:**

Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598  
antu-bjo@bkkfiber.no**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 10**KYRKJEKONTORET I OS:**Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.  
E-post: post@os.kyrkja.no  
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

# Kyrkje i omstilling

Kva er kyrkje, kva er umistelig. Livet er i endring, livet er endring. Også i Den Norske kyrkja er det endringar på fleire plan.

**Lokalt:** Vi er på veg mot Bjørnafjorden kommune, og Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Kyrkjeverje Gerhard August Hansen i Os er pensjonist. Kyrkjeverje Harald Geir Sæther i Fusa er blitt assisterande kyrkjeverje i Os og Fusa. Os og Fusa har fått ny felles kyrkjeverje, Kristine Fjeld. Leiarduoen i det som vert Bjørnafjorden kyrkjelge fellesråd er med dette på plass. Både fellesnemda med representantar frå begge sokneråda og begge kommunane, og parts-sammensett utval der tilsettes representantar er med, er godt i gang med omstillingsarbeidet. For det vert omstilling i organiseringa på kyrkjekontora. Då er det ei glede å at det vert meldt om godt samarbeidsklima og stor vilje til å finne gode løysingar for kyrkjelydane i Os og Fusa.

**Nasjonalt:** Vi veit at kyrkjemøtet vil komme med nokre revisjonar av liturgien. Men dei viktigaste prosessane nasjonalt er arbeidet med ordninga for den sjølvstendige norske kyrkja.

Ein kan spørje seg: All denne endringa, kva er ho godt for? Det er lett å tenkje at det øydast mykje krefter på uviktig arbeid. Men det handlar om at kyrkja i Noreg må ha gode rammer for å lukkast med å vere ei folkekyrkje for framtida.

For det er det viktige: at kyrkja framleis er kyrkje, og at det er kyrkje i heile landet. Eg må innrømme at dei lutherske vedkjennings-skiftene ikkje var dei eg fant mest oppbyggjeleg i studietida. Og det er ikkje dei eg har nytta til å byggja meg opp seinare i livet heller. Men det gjer faktisk godt å plukke dei fram ein gong i mellom, for å minna seg sjølv på kva kyrkje er og kva jobb eg har. Kyrkja er fellesskapen av dei heilage, der evangeliet vert forkyst og sakramenta vert forvalta rett. Det er ei vigsla teneste,

prestetensta som har som oppgåve å gjere akkurat det.

Kyrkja er med andre ord først og fremst eit fellesskap av menneske som samlast om Guds ord og tar imot hans gåver. Det er noko befriande i det. Eg kjem som den eg er fram for Gud, og det gjer dei eg er saman med framfor Gud også. Vi kan vere ueinige om mykje, vi treng ikkje lika kvarandre ein gong. Men vi er del av same fellesskap, saman for Guds andlet. Vi ber om tilgjeving, lyttar til ordet, vedkjennast trua, tek imot Guds gåver i dåp og nattverd, lovsing og tilbed. Guds folk i hans verd, som held fram med det dei første kristne og gjorde:

*«Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene.»* (Apgj. 2.42)

Og allereide i den første tida var folk vigsla til ulike tenester i den kristne kyrkja. Og det dei heldt fast ved: Læra frå apostlane, augenvitna som hadde sett og hørt Jesus i aksjon. Dei heldt fast på børdsbrytinga, det Jesus hadde bedt dei om den siste kvelden i lag med dei. Dei heldt fast på bønene, dei bønene dei hadde lært og praktisert heile livet, salmane i det gamle testamentet. Dei vi finn att i kyrkja sine tidebøner.

Så vert spørsmål om kyrkjeordning og liturgi viktige avdi dei er med å ta vare på kyrkja sin eigenart og leggja til rette for levande kyrkje i heile landet. På same måte er spørsmålet om lokal organisering viktig for at sokna skal kunne legge til rette for gudstenesteliv og opplæring i kristen tru over heile landet. Ho skal møte menneske der dei er i livet, i sorg og i glede, i fest og i kvardag. Til Guds ære.

**Margrethe Holmboe Askeland**  
SOKNEPREST



# Reint vatn gjev liv, helse og håp

Sumaren 2018 fekk vi kjenne på at det var ekstremt varmt og tørt her til lands. Likevel var det ingen av oss som ikkje hadde tilgang til reint vatn, sjølv om enkelte kommunar innførte restriksjonar på bilvask.

Ut frå Kirkens Nödhjelp sin statistikk manglar 884 millionar menneske tilgang på reint vatn på verdsbasis.

## Gode ringverknader når vatn vert tilgjengeleg:

- Fleire barn får mogleiheit til å gå på skule i staden for å måtte bruke tid på å hente vatn til familien.
- Fleire kvinner kan ha inntektsbringande arbeid
- Betre helsesituasjon
- Mindre barnedødeleigheit
- Vatn bringar liv, helse og tryggleik og håp for framtida.

Vi i Os kan være med å bidra til ei meir rettferdig verd, og at vi kjem nærmare FN

sitt bærekraftsmål nr.6: Reint vatn og gode sanitærforhold til alle innan 2030.

Fastetida er godt i gang, og søndag, den 7. april kan du være med på Noreg sin nest største innsamlingsaksjon.

I år stiller konfirmantar, foreldre og andre frivillige til ulike oppgåver i Os. Utanom bøssebæring vert det KAFÈ i Tunet kl.18.00 og kveldsgudsteneste i Os kyrkje kl 19.00. Vi får besøk av Gunnar Kartveit frå Kirkens Nödhjelp, og koret «Zion Voices». Kollekten går til Kirkens Nödhjelp.

***Saman reddar vi liv, og saman kan vi gjere verda til ein betre stad for fleire.***

## Har du lyst til å vera med:

- **som bøssebærarar?**  
Vi ønskjer bøssedekning i heile kommunen.
- **å trekke kaffi, te, eller bidra med andre oppgåver?**

Send e-post til [ijh@os.kyrkja.no](mailto:ijh@os.kyrkja.no) så tar vi kontakt med deg.

## Ønskjer du å gje ei gave?

- Forbered deg gjerne på kor mykje du vil gje.
- Ta godt imot bøssebærar som kjem på døra di.
- 200 kroner kan gje reint drikkevatn for ein person resten av livet.
- Får du ikkje gjeve på bøsse; hugs **kollekteten** under kveldsgudstenesta i Os kyrkje, kl 19.00
- **Du kan og nytta Vipps**, send til 2426 (velg kjøp og betal).
- **Send VANN på sms til 2426** (koster 200 kr)
- **Overfør til kontonummer:**  
1594 228 7248



# Workshop 9. mars

I vinter har det vore tre «workshops» om ungdomsarbeidet. Den 9.mars var det duka for den tredje og siste workshop.



For å gi eit lite bakteppe: I haust vart det gitt eit mandat til ei gruppe med folk om å sjå nærmere på korleis me kan få ungdomsarbeidet større og meir berekraftig enn det har vore dei siste åra. Gruppa utarbeidde ein ide om å arrangere breie workshops der ungdom, foreldre og stab har vore med og tenkt høgt om vegen vidare for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. På dei to første workshops såg vi på både utfordringar, gleder og moglegheiter i ungdomsarbeidet.

9. mars var det duka for den tredje workshop. Det var 32 deltakarar, omrent same tal som på dei andre workshopas. Alf Helge Halland leia oss kyndig gjennom programmet. Me vart ynskte velkomne av

soknerådsleiar

Anne Turid Bjørnevik og av kapellan Roar Hallesby Evjedal. Begge sa dei nokre ord om prosessen som me har vært gjennom og delte nokre tankar kring dette. Målet for samlinga var mellom anna og komme fram til ein arbeidsvisjon for ungdomsarbeidet, her var det mange gode forslag og innspel. Til slutt var det ungdomsgruppas forslag som vart vedteke einstemmig: Tru og glede i godt fellesskap.

Det vart og diskutert kva steg som kan gjerast for rekruttering inn i ungdomsarbeidet til Os kyrkje, og kva satsingsområde vi skal fokusera på.

Her kan nemnast link mellom konfirmantarbeidet og det generelle ungdomsarbeidet, leiarutvikling og kvalitetsfokus på arrangement. Det er eit stor lerret å bleike og mange moglegheiter for oss å sjå nærmere på. Etter endt økt var det pizza, Kahoot! og god prat på bordene. Det er ei spennande tid for ungdomsarbeidet.

*Ps. På kyrkjelydens årsmøte 24. mars vil det bli meir informasjon om workshoparbeidet*



## Konfirmant i 2020?

**Det er snart tid for å melde seg på som konfirmant i Os kyrkje 2020**

I mai sender vi ut infobrev og brosjyre til alle 8.klassingar som er døypte eller tilhøyrande i Os kyrkje.

Vi besøker og ungdomskulane for å informere om opplegget vårt.

Foreldre/føresette er invitert til info møte torsdag 23.mai , kl. 18.00 i Os kyrkje 19.30 i Nore Neset kyrkje

PÅMELDINGA vert opna i veke 22, siste veka i mai. Nettadressa er: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)

Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom du får problem med påmeldinga: Tlf. 56572400 / [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no)

**Velkommen som konfirmant i Os 2020!**

**JOIN US TEN SING SITT VÅRSHOW 2019**

**Går av stabelen, 26. april 2019, Kl 19.00 - i Storsalen i Tunet.**

Song og musikk, dans og drama. Billettar i døra, Barn 50/- Vaksne 100. Kom og opplev vårens vakraste eventyr!



KYRKJEBYGGET I MUSTAMÄE, TALLINN:


# Draumen vert verkeleg, steg for steg

**Vi har tidlegare skrive om  
Maarja Magdaleena kyrkjelyden  
i Mustamäe og arbeidet deira  
med å byggje både kyrkjelyd og  
kyrkje.**

Det har vore ei stor utfordring, og eit  
trusprosjekt å finansiera denne kyrkja. I  
periodar har det vore stillstand i arbeidet av  
di ein ikkje hadde pengar. Halvparten kom  
frå det offentlege, resten har vore kyrkja sitt  
ansvar å få på plass. Kyrkjelyder fleire stader  
i Noreg gjev si støtte m.a gjennom avtale  
med NMS, slik vi i Os gjer.

Det har vore ein god del fram  
og tilbake om kor den Estiske  
Evangelisk Lutherske Kyrkja  
finn midlar sjølv. Ei kjelde dei  
satsa på er kompensasjon  
for konfiskeringa av bygg  
og eigedomar under  
kommunistida. Den vegen  
har vore kongrelet.

Men for nokre veker sidan nådde  
gladmeldinga oss:  
Mustamäe kyrkje har fått utbetalt 1 million  
euro (omlag 10 millioner kroner) fra dette  
fondet. Det er dei svært glade for!



Kyrkjelyden vil no kunne ferdigstille  
kyrkjerommet, kontora til dei  
tilsette, barnehagen og nokre andre rom  
i kjellaren. Dette er et viktig bidrag for å  
komme et steg nærmere å få ferdigstilt hele  
kirkebygget.

## Har du tid og lyst til å bli medarbeidar i NMS Gjenbruksbutikk i Os?

**Gjenbruksbutikken i Os – i Irisbygget  
– har vore i sving i sju og eit halvt  
år. Vi er mest 50 frivillige som er  
med og driv butikken.**

Dei fleste er i butikken og møter  
kundane, andre prisar varer eller er i  
transportgruppa som hentar og kører  
varer. Nokre har faste vakter, kvar eller  
annakvar veke, medan andre tek på  
seg vakt eller oppdrag ut frå kva som  
passar til kvar tid. Alle bidrar ut frå si  
tid og sine evner. Alle trivst vi!

Det er kjekt å møta masse hyggelege  
kundar, det er kjekt å finna rett pris

på vara, det er kjekt å finna ut korleis  
varer best kan stillast ut, det er kjekt å  
kunne bidra til gjenbruk og reduksjon  
av kva som vert kasta.

**Kanskje du er ein som har lyst til å  
vera med i arbeidet i butikken?**  
Vi vil gjerne ha fleire kollegaer!  
Dersom du kan tenka deg å bli med  
på arbeidslaget vårt, ta kontakt med  
ein av medarbeiderane i butikken eller  
ta ein telefon til styreleiar Per Harald  
Røykenes, tlf. 98424453

Helsing frå styret i NMS Gjenbruk Os





# Konfirmasjon i Os kyrkjelyd

Ei Konfirmasjonsgudsteneste er ei vanleg gudsteneste, men der kvar konfirmant kjem fram til alterringen og vert bedt for. Program med dei ulike liturgiske ledd + salmane som skal syngjast vert delt ut til alle som kjem for å delta i gudstenesta. For kvar kyrkje er det egen namneliste over kven som vert konfirmert ved kvar gudsteneste, med tid og dato.



## Plassar i kyrkjene

Det vert reservert plassar i kyrkjene, **berre for konfirmantane**. Det er ikkje maksimumstal på kor mange gjestar kvar konfirmant kan ha med til kyrkja; kvar konfirmant/familie ber med seg dei ein ønskjer skal vere til stades. Ver derfor ute i god tid. Det vert alltid fullt slik at dei som kjem sist må kanskje stå. Det vert teke opp offer til konfirmantarbeidet ved kvar konfirmasjonsgudsteneste, så fint om ein har med kontantar.



## Parkeringsplassar

Ved Nore Neset kyrkje er det avgrensa med parkeringsplass ved kyrkja, men det er anledning å parkere ved skulane (5-7 min gange). Ved Os kyrkje kan ein parkere ved nedre skuleplass (fotballbanen) og i Os sentrum.



## Fotografering

Ein må gjerne fotografere når konfirmantane kjem inn i kyrkja og når dei går ut. Mange synes også det er flott å ta bilete av konfirmanten på kyrkjebakken etter gudstenesta.

## Nore Neset kyrkje

Laurdag 27. april

**kl. 12.00**

Carmen Izabel Mostraum

## Nore Neset kyrkje

4. mai

**kl. 9.30**

Adrian Remme Røttingen  
Benedikte Rossemyr Eglandsdal  
Carmen Liliana Bruarøy  
Eirik Wallevik  
Ellenore Schuber  
Emma Abusdal Tveit  
Hilde Aasen  
Jonas Wilhelm Detjen  
Line Røttingen  
Lisa Marie Midttun  
Nicholas Særvold Pedersen  
Nicholas Nordvik Hernes  
Nora Strønen Verstod  
Sjur Hjemdal Bruvik  
Sofia Dale

**kl. 11.30**

Emma Bach Skorpen  
Emma Brimsholm Eidsvik  
Lasse Gausvik Bårtvedt  
Inger Ida Meyer  
Jon Are Kolaas Rød  
Mads Stamnes Birkeland  
Elias Stølen Ask  
Ida Jørgine Øien Strømme  
Nicolai Øien Strømme  
Eirik Nordfonn  
Janne Marie Holm  
Johanne Løvaas  
Maja Ringeling  
Renea Ingeborg Haugland  
Tracey Malene Holm

**kl. 13.30**

Axel Vernøy Hansen  
Eirik Thorsnes Nybrot  
Fabian Hagevik Vedholm  
Haakon Eide  
Jonas Borgen



Mathilde Eidsvik  
 Patrik Amandus Kotmark  
 Pernille Fonn Fjæreide  
 Pernille Liavåg SvenningSEN  
 Sebastian Glinje AsbjørnSEN  
 Sverre Spangelo Haga  
 Thea Heggland Birkeland  
 Thomas Fosse-Florvaag  
 Victoria Røttingen

Mats Nøkland  
 Noah Lyssand Hodneland  
 Rebecca Kristiansen  
 Rebekka Glomsaas Drønen  
 Suna Aleksandra Øztas-Aase  
 Tiril Farsund Moe  
 Trym Hatleli  
 Thea Eikeland

Helene Lundgren Kjerrgård  
 Ida Gading Årdal  
 Ingvild Burø  
 Joakim Øye  
 Lilly Knauer  
 Madelen Lindborg Alvær  
 Maria Midtlid  
 Mathea Tysse Sperrevik  
 Mika Walden Michelsen  
 Noah Skulbru Berge  
 Nora Lyssand Oseth  
 Peder Aspevik  
 Sara Kristiansen  
 Selma Hansen Folgerø  
 Simen Mathias Førsund  
 Sofie Sverdrup  
 Thea Olsvold Hausberg  
 Tobias Rolland  
 Vegard Skaatun  
 Endre Haringstad Mjøs  
 Birgitte Lundberg

## Os kyrkje

5. mai

### kl. 10.00

Anne Mathilde Reimer Haga  
 Bastian Haukeland Holmen  
 Daniel Sævdal  
 Even Moberg Hatlestad  
 Frida Herstad Skorpen  
 Hans Arne Midtbø  
 Harald Alexander Von der Ohe Stolt-Larsen  
 Hedda Stamnes Lindbom  
 Hedvig Bruvik Østevold  
 Helge Sundfør Halleraker  
 Henrik Schroth Eyolfsoon  
 Isac Herland  
 Iselin Elisabeth Frostad  
 Leah Bårtvedt  
 Lenea Synnøve Mo  
 Lotte Solholm  
 Marthon Bjaanes Bahus  
 Matias Klever Mjånes  
 Robin Christoffer Bahus  
 Ruth Wang Lunde  
 Tobias Lindborg Presttun  
 Marius Lund Halland

### kl. 12.00

David Torsvik Dahl  
 Emil Berge Laastad  
 Erlend Haugland-Bergh  
 Henrik Jacobsen Lyssand  
 Hilde Elisa Davidsen-Tingvatn  
 Håkon Grindheim-Koldal  
 Isak Emil Jensen Nebb  
 Julie Nybø  
 Kristoffer Bøthun Sulen  
 Leandra Skåla Wold  
 Maiken Andrea Rosenback Nesse  
 Maren Evensen  
 Mariell Bastiansen  
 Mathias Hopland  
 Matias Brekke

## Os kyrkje

11. mai

### kl. 10.00

Aksel Fosså Bunæs  
 Elias Drange Blålid  
 Emma Elisa Johansen Orrebakken  
 Ericha Stoknes  
 Eskil Lundervik  
 Filip Gjerdevik Kolstad  
 Fredrik Kirkevik Brekke  
 Gøril Hatteberg Aadnevik  
 Henning Goris Krydsby  
 Ingeborg Sofie Palm Frantzen  
 Isabel Hjortland  
 Mari Pettersen Amundsen  
 Marie Storum Vik  
 Mathias Totland Eiken  
 Mathilde Mo Monsen  
 Nicolai Rakchon Sulen  
 Nicolas Drange Blålid  
 Nora Lyssand  
 Oliver Hjelle Hitland  
 Silje Kleppe Laasby  
 Simon Eskeland  
 Synne Emilie Mjånes Tøssebro  
 Tomas Bruksås Borge  
 Tonje Kleppe Laasby  
 Vegard Gjelsvik Heimdal  
 Mathias Villanger Lekven  
 Linnea Berge Fjellteit

### kl. 12.00

Adrian Onstad Ottervik  
 Adrian Vernøy Hansen  
 Aleksander Nødland  
 Benjamin Næss  
 Elias Sørås Hjelle  
 Emily Charlotte Bjørkhaug Dyke  
 Emma Sofie Vikne Færeveag  
 Erik Oltedal Lunde  
 Even Derit Haarstad  
 Hannah Lund

## Nore Nest kyrkje

12. mai

### kl. 10.00

Aksel Gylløw Rokne  
 Anders Askvik Brattetveit  
 Anne Marie Gonzales Pettersen  
 Elias Litlabø Valle  
 Gaute Sælen Vonli  
 Jonas Lerch Dahl  
 Kristin Hofmeester Rogne  
 Lennea Sæthre Amundsen  
 Mathilda Hansen Sigurjonsson  
 Mons Sælen Vonli  
 Susanne Sæthre Amundsen  
 Vilma Bigseth Hjertholm  
 Filip Holdhus

### kl. 12.00

Eirik Baldersheim Johnstad  
 Tobias Dørmænen Øyjordsbakken  
 Karl-Erik Hauge Engelsen  
 Marte Karin Wicklund  
 Magnus Kiattipoom Storvik Nilsen  
 Kaspar Klett Døsen  
 Fredrik Vevatne Jensen  
 Karoline Louise Østgulen Hevrøy  
 Anders Brodahl  
 Kristian Brandseth  
 Marcus André Lundby



# Påske i Os kyrkjelyd 2019

Også i år vil ein kunne oppleve påska i Os kyrkjelyd på ulike måtar.

## Opplev påske

Påskevandring i Os kyrkje. Som i dei seinare åra har vi også i år presentert påskebodskapen gjennom 6 ulike stasjonar som er rundt omkring i kyrkja. Dette er

ein del av trusopplæringsplanen i Os, men mange fleire enn 5-åringane vil ha glede av å følgje ruta frå palmesøndag gjennom skjærtorsdag, langfredag til påskedag.

## Fellesskap

Vi feirer gudstenester fleire stader i kyrkjelyden, et kveldsmat i lag og går krossvandring gjennom sentrum.





# Påska dag for dag

## 4. Søndag i fastetida 07.04

«*Eg er livsens brød*» (Salmeboka nr 986.2)

### Os kyrkje kl 10.00:

Gudsteneste med dåp

### Os kyrkje kl 19.00:

Gudsteneste. Avslutning av faste-aksjonen. Appell ved Gunnar Kartveit fra Kirkens Nødhjelp. Song av «Zion Voices» med medlemmer fra ulike afrikanske land

## Palmesøndag 14.04

«*Hosianna! Syng for Jesus, syng for kongen uten prakt. Se han rider på et esel, slik profeten før har sagt*» (Salmeboka nr 148)

**Os kyrkje kl 11.00** Familiegudsteneste med dåp Myldregudsteneste i samarbeid med familiekoret Shabadubs og babysong. Kyrkjekaffi

## Skjærtorsdag 18.04

«*Se et måltid her opprettes, brød og vin i dag fremsettes, livets beger, livets brød!*» (Salmeboka nr 154)

### Luranetunet Kl 16.00.

Nattverdgudsteneste i kantina

### Ravneberghaugen kl 17.30:

Nattverdgudsteneste

### Nore Neset kyrkje kl 19.00

kveldsmat som fører oss over i nattverdgudsteneste kl 20.00.

## Langfredag 19.04

«*Løft høgt hans kross, den kross som Kristus ber, så alle folk på jord hans kjærleik ser.*» (Salmeboka nr 689)

### Kl 11.00: Frå Os kyrkje.

krossvandring Vi bærer ein kross gjennom sentrum av Os og stanser ulike stader for å be for bygda vår og samfunnet vårt.

### Kl 12.00 Os kyrkje.

Pasjonsgudsteneste

## Første påskedag 21.04

«*Jesus lever, gravi brast*» (Salmeboka nr 194)

### Os kyrkje Kl 11.00.

Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd. Kyrkjekaffi Kl 17.00 Os kyrkje. Gudsteneste i samarbeid med søndagssamlinga. Dåp og nattverd. Kyrkjekaffi

## Andre påskedag 22.04

«*Han sto opp for sine venner, dem han elsket og holdt av*» (Salmeboka nr 214)

### Liafjellet Kl 12.00


Friluftsgudsteneste.

## vikarprest i Os

Bispdømekontoret har vedteke å ikke lyse ut stillinga etter seniorpresten i denne omgang.

I staden har dei tilsett Svante Havåg som vikar for eitt år. Svante er busett i Os, så det er nok mange som kjenner han frå ulike samanhenger.

**Vi ynskjer han velkommen i arbeidsfellesskapet i Os. Han tek til i jobben tidlig i august.**



## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.

Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

KIRKENS  
**SOS**



# Sprell Levande inspirasjonssamling



Med samme mål og ønskje, om å gje «Jesus til borna», deltok 11 påmeldte til inspirasjonssamling i Tunet.

Her var vi samla frå ulike Søndagsskule-tilbod; Barnesamling i Os og Nore Neset, søndagsskule i Misjonskirka, Mandagssklubben på Søfteland og andre i undervisningsstillingar for born.

Mandag 11.mars kom Søndagsskolen Bergen krets, ved Jannicke K. Ludvigsen, for å inspirera og motivera oss for gode samlingar for born, med Jesus i sentrum. Ho leia oss gjennom Sprell levande –materialet. Dette er Søndagsskulen Norge sitt pedagogiske verktøy, som inneheld ulike materiell og metoder for å formidle bibelforteljingar tilpassa borna. Vårens materiell-pakke inneheld gode bibelforteljingar, tips og aktiviteter. Vårens materiellpakke har fokus på tema kjensler, tegn-til –tale og undring.

«Vår visjon er Jesus til barna. Det gjelder alle barn, uavhengig av hvem de er og hvilke utfordringer de har. Derfor må vi tilrettelegge søndagsskolen for alle», seier Jannicke.



Det er ikkje berre borna som syns det er kjekt å «gjera» bibelforteljingane. Det syns vi vaksne og! No er vi inspirerte og motiverte til å fortsetje med å dele Jesusforteljingane med borna.

Om du tenkjer dette er eit viktig arbeide, og ønskjer å vera ein del av søndagsskulen sitt aarbeid i Os, ta kontakt med kyrkjekontoret/ Gro Helen B. Skjælaaen. Du er hjarteleg velkommen!

## LørddagsSprell - vil ta vare på jorda

Klimakrisa er eit faktum – og insektene lid. Dette kan få alvorlege konsekvenser i framtida, og det gjer Os Hagelag noko med. Os Hagelag har laga eit opplegg for born om natur og insekter, og vi er heldige som skal få lov å ta del i dette.

Lørddag 6.april kjem Os Hagelag på besøk til LørddagsSprell, for å læra oss litt om insekter og korleis vi kan leggja til rette for at dei skal trivast og få gode levevilkår. Vi menneske har fått eit særskild ansvar for jorda vår, til å ta vare på henne no og for framtidige generasjoner. Vi håper at dette kan bli til nytte for både born og foreldre, samt naturen vår.

**Vel møtt til ei anleis LørddagsSprell – samling, lørdag 6.april kl 11 – 13, i Nore Neset kyrkje.**

## «Strikk til TUNET» - basar

### «Vi gjekk heilt tom for årer..!!»

Lørddag 16.februar var det for andre gong duka for «Strikk til Tunet» sin basar i Storsalen. Fullt hus og god stemning gav inntekt på nesten 55000,- som går til nedbetaling på den flotte nye delen vi har fått i Tunet. Eit så vellukka arrangement håpar vi vert ein årleg tradisjon!

«Det kom så mykke folk at vi gjekk tom for årer», seier ei av leiarane for arrangementet. Gode musikalske innslag frå TUNET barnekor

og «Vondt i ryggen» samt Isabell R. Aase si drama- formidling frå scena gjorde sitt til å skapa god stemning og opplevelse.





# Skapingdagane 2019

## vert 24.-26. juni

1. og 2. klassingar i  
Os blir invitert.

Likar du å male eller tromme? Kan du tenkje deg å forme med leire eller fotografere? Er det kjekt å vera saman med andre barn på din alder? Då trur vi du vil trivast på Skapingsdagane 2018!

Mandag til onsdag kl 09-15 vert det tilbod om aktivitetsdagar for 1. og 2. klassingar (7 og 8 åringer) i Tunet;

Kyrkje og Kultursenter (på Øyro).

Alle døypte og tilhøyrande til Os kyrkje får invitasjon tilsendt i posten. VIKTIG:

Påmelding startar ikkje før i mai.

Har de spørsmål ta kontakt med oss på kyrkjekontoret:

- **Hege Varhaug-Lekven**  
hvl@os.kyrkje.no 56572415
- **Hildur L Lillestøl**  
hll@ os.kyrkje.no 56572414.

**Hege Varhaug-Lekven**



### Pinsevandring på Pilgrimsvis- 10 åringer!

**Søndag 26 mai**, kan de få oppleve munker i Lysekloster ruinane. De får gjennom og gjera oppgåver, læra om pinsetida, om pilgrimar og måten dei levde på. Speidaren i Os er med oss og sangglade munker set steminga rett denne dagen.



## Opplev påska!

Tiltaket som går målretta ut til 5 åringane i Os, går av stabelen mandag 8. april.

Dei som er i målgruppa, blir invitert, og må melde seg på innan 4. april.

Det er ein fin måte og få «opplev» påskebudskapet på.

Dette tiltaket gjer jo at kyrkja vår er klar for interaktiv påske frå 8. april til over påsken.

Mange ulike grupper nyttar den påskeklares kyrkja vår: barnehager, konfirmanter, i sjølve gudstenesta og 1. klassingene som er på «heilt førsteklasses».

Den påskepynta kyrkja vår er utarbeida saman med kunstnarane: Bente og Atle Haugland.

**Hege Varhaug-Lekven**





# Kyrkjevalet

*Samstundes med at det er kommuneval, er det og kyrkjeval.  
Det skal veljast eit sokneråd i kvart sokn.*

I tillegg skal det veljast bispedømeråd. Til Os sokneråd skal det veljast 8 medlemmar og 5 varamedlemmar.

På heimesida vår kjem det etter kvart oppdatert informasjon.


Gå inn på [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) og sjå etter artikkelen: «Kyrkjevalet 2019».

**Meir informasjon om kyrkjevalet kjem og i neste Kyrkjeblad.**

**Kyrkjevalet  
8.-9. sep. 2019**

## Kyrkjevalet er to val

**Hausten 2019 kan du stemme i to kyrkjeval**





## Gospelnight for «godt vaksne» i Os kyrkje

Så godt var oppmøtet ved Gospelnight for «godt vaksne» 1. februar i Os kyrkje, at det vart bestemt å halde ei gospelnight til i vår, nemleg fredag 22. mars, når dette bladet er i trykken.

Då Join Us Ten Sing feira 40-årsjubileum hausten 2017, var det mange som opplevde at det å finna fram songar frå gamle dagar var noko som verkeleg gav meirsmak, og fleire snakka om at dette burde vi gjera meir av.

Ein liten gjeng av gamle korsongarar og musikarar gjorde alvor av dette, i samarbeid med Os kyrkjelyd, og inviterte til gospelnight i Os kyrkje,

bygd over same lest som gospelnighthar i tidlegare tider. Det var ingen konsert, men fokus på allsong, leia av eit stjernelag med musikarar og songarar som var med i Join Us på 70-og 80-talet.

Mange fann vegen til kyrkja, og var med og sette stemning i lovsongen for vår Gud! Etter gospelnachten var det kyrkjekaffi i Tunet. Dette vil vi satse vidare på til hausten.

**Aasmund Brekke**  
INITIATIVTAKAR TIL GOSPELNIGHT  
**Inger-Johanne Haugland**  
FRIVILLIGKOORDINATOR OS KYRKJELYD

## Trekningsliste "STRIKK FOR TUNET" 16. februar 2019

Nr.	Gevinst	Vinnar
1	Dokke m/ klede og seng	Mia & Eirik Norheim
2	Tursek m/ diverse utstyr	Gro Bjånes
3	Strikka pute	Per Harald Røykenes
4	Beige hekla teppe	Anne Line Bjånes
5	Grøn hekla teppe	Grete Inger Berge
6	Sjal og lue	Reidun Drange
7	Damegenser	Irene Farestveit
8	Biletē	Reidun & Einar Haugland
9	Lilla strikka sjal	Christina Rød
10	Kvit, strikka sjal	Irene Hunhammer
11	Beige strikka sjal	Øyvind Gjerde
12	Fanagenser m/ sokker og votter	Inger Kobbeltvædt
13	Smykke	Per Torgeir Nilsen
14	Barnekjole	Per Harald Røykenes
15	Barnegenser	Ingunn Fedje
16	Biletē	Lars Hernes
17	Blått hekla teppe	Anna Oseng
18	Biletē utan ramme	Lars Hernes
19	Smykke m/ raud ramme	Sigurd Barman Teige
20	Genser	Kari Bøthun
21	Grått strikka sjal	Haldis Heggernes

## TUNET

### Kyrkle- og kultursenter

Vi har lokaler til minnesamvær, dåps- og konfirmasjonsselskap, kurs etc. Lokaler med kapasitet opp til 120 personar. Vi tilbyr kjøken – og betjening i forbindelse med minnesamvær.

**Kontakt kyrkjekontoret  
for avtale om leige og leigevilkår:**  
**Telefon 56 57 24 00**  
eller [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no).



Dorthea - lukkeleg vinner av lue og sjal



# Eit lite barn voks opp til mann (740)

Denne teksten frå 1983 med tittelen «Den fattige Gud» er Edvard Hoems første salme. Den vart til på oppmoding frå Sandviken skole i Bergen der sonen hans gjekk, fordi dei trong noko å syngje på avslutninga før jul. Hoem fortel sjølv at han var sterkt påverka av søramerikansk frigjeringsteologi på denne tida. Melodien vart komponert av Henning Sommerro i 1983, same året som teksten.

Eit lite barn voks opp til mann

og sa at han var Gud.

Han levde slik som andre, han,  
og såg heilt vanleg ut.

Hans rike låg langt borte frå all sorg og  
vondskap i vår verd,

og enda bed han oss forstå  
at det er inni oss det er.

Han sa: Ein fattig går forbi,  
og det er meg du ser.

Men vi ser millionar, vi,  
i svoltens store hær.

Og når vi veit kva vi har gjort  
mot alle desse dine små,  
forstår du at vi snur oss bort ifrå  
den Gud vi skulle sjå.

Men er det sant at dei som bur  
i svolten kring vår jord,  
er Gud som menneske,  
da trur vi òg at du er stor.

Når svoltens hær frå land til land  
bryt opp og krev ei anna verd,  
vil vi forstå med vår forstand  
kva for ein mektig Gud du er.



**Andrew Paul  
Holman**  
KANTOR

## Gjev seg etter nærare 38 år i presteteneste



Til sommaren går seniorprest Knut Ivar Askeland over i pensjonistenes rekker. Ei lang tenestetid som prest i den norske kyrkja er dermed over.

Knut Ivar vart ordinert i heimkyrkja Tysværåg av biskop Sigurd Lunde i februar 1982. Etter eit år som feltprest på Gardermoen flystasjon, gjekk turen nordover. I meir enn 20 år var han sokneprest i Gravvik og Leka sokn i Nærøy prosti. Dei neste 5 åra var han sokneprest i Vevelstad i Sør-Helgeland prosti, før turen gjekk sørover og vestover til stillinga som kapellan i Fusa i 2008. Dei siste 5 åra har han vore seniorprest i Fana prosti, med Os som hovudarbeidsstad.

**Den 23 juni i år vert det avskils-gudsteneste i Os kyrkje.**

## Sokneprestens hjørne: Regnbogen - eit tekn på vona om ei ny byrjing



I fastetida tenner vi regnbogelys i kyrkje og heim. Vi nyttar regnogebønene fra Kykjas Naudhjelp som samlingsbønner. Opphavet til denne bruken av regnbogen finn vi i urhistoria i Bibelen, i forteljinga om Syndefloden, den store øydeleggjingga. Etter kaoset som kom av mennesket si synd, oppretta Gud ei pakt med Noa og sønene hans. «*Når eg samlar skyer over jorda og bogen syner seg i skyene, då vil eg koma i hug pakta mellom meg og dykk og kvar levande skapning, alt kjøt og blod. Aldri meir skal vatnet bli til ein storflaum som øydelegg alt kjøt og blod.*» 1.Mos 9,14f.

Slik vart regnbogen eit teiken på at etter katastrofe er det von og ei ny byrjing.

Nokon spør kan hende, er det ikkje brutal og ikkje til åtru at alt liv vart sletta ut på grunna av menneska

sin ondskap? Til dei vil eg svara: Løft blikket. Sjå deg ikring! Kva skjer i verda i dag? Mennesket si maktsjuke og grådigheit fører til krig og naturkatastrofar. Mange menneske opplever katastrofar like øydeleggjande som dei vi les om i 1.Mosebk. Livsgrunlag vert øydelagt, heimar lagt i grus.

Regnbogelysa og bønene viser veg gjennom fastetida der vi følgjer Jesus på vandringa til Jerusalem. Han er på veg til påskefeiring og død. Sjølv om han må ha hatt store indre kampar på denne turen, hadde han likevelauge for dei som trong han undervegs. Fastetida vert slik ei tid for bøn og handling. Når fastetida er over, lyser alle regnbogelysa og minner om at ei ny byrjing alltid er mogeleg.

**Margrethe Holmboe Askeland**  
SOKNEPREST



# Ny kyrkjeverje i Os og Fusa

## - snart Bjørnafjorden kyrkjelege Fellesråd



Kristine Fjeld.

### Kort fortald

Kristine Fjeld er frå Bergen, men har vært vekke frå Bergensområdet sidan 2005. Ho har økonomiutdanning, og har røysnle frå ulike jobbar i bedrift, organisasjon og kyrkje. Ho kjem frå stillinga som konsulent i Den norske Kyrkja i Søgne, der ho har hatt oppgåver både for kyrkjeverjen og soknet. Ho er gift med Magnus Fjeld og har døtrene Rakel (5) og Sigrid Lovise (2).

### Kvifor søkte du denne jobben?

Eg søkte av di eg tenkte det måtte vere ein interessant og meiningsfull stilling, med mange spanande personar og relasjonar. I jobben må eg forhalde meg til personal, fellesråd og kommune. Eg tenkjer og at både utdanninga mi og røyslene frå tidlegare kjem godt til nytte i denne jobben. Kort sagt, dette er ein jobb der eg får nytta mange sider av meg sjølv.

### Omstilling

Når kommunane Os og Fusa vert slått saman til Bjørnafjorden kommune, får sokna i den nye kommunene eit felles organ: Bjørnafjorden Kyrkjelege fellesråd. Rådet får ansavar for kyrkjer og gravplasser og vert arbeidsgjevar for dei tilsette i begge sokna, - med unnatak av prestane som er tilsette i bispedømet. Du kjem med andre

*ord inn i ein stor omstillingsprosess. Korleis opplever du det?*

Først vil eg få seie at eg eg har vorte veldig godt motteke, både i stabane i Os og Fusa, i kyrkjelydane og i kommunane. Og, ja, det er ein omstilling, og det vert nokre endringar. Medan Gerhard Hansen var kyrkjeverje og dagleg leiar i Os, er eg kyrkjeverje i både Os og Fusa fram til Bjørnafjorden kommune er ein realitet. Eg har med andre ord ei anna rolle enn forgjengaren min. Eg trur ikkje sokna vil oppleva nokon endring i kyrkjelydsarbeidet og voner at dei vil få eit tett og godt forhold til det nye fellesrådet.

*Kva tenkjer du er viktig i denne prosessen?* Eg vil jobbe for at fellesrådet kan vere til nytte for begge sokna, men også for innbyggjarane i kommunen. Eg trur vil kjem til å få ein framtidsrettet organisasjon som skal vera tett på folket der dei er. Det eg har sett til no, er at her er det gode føresetnader for å få til eit godt fellesråd. Det er dyktige folk i fellesnemda som arbeider for å finne tenlege løysningar. Arbeidet er prega av at ein ynskjer å samarbeid konstruktivt til glede for alle partar. Så må eg få lov til å berømme Harald Geir Sæther som no er assisterende kyrkjeverje i Os og Fusa. Han gjer ein fantastisk jobb som prosjektleiar for sammenslåingsprosessen og er en utrolig viktig støttespelar.

*Så du skal administrere 7 kyrkjebygg og 13 gravplassar, det er mange verdiar å forvalta?*

Ja, det er det! Kyrkjene er verdifulle kulturskattar som bærer med seg mykje historie. Folk kjem til kyrkjene for å døypa sine dyrebare skattar, for å lova kvarandre truskap og dei kjem til kyrkje når dei skal ta avskjed med sine kjære. Tenk på all den gleda, og all den botnlause fortvilning desse kyrkjeromma har sett. Men kyrkjene skal ikkje berre være kultur og historie. Dei skal og vere ein stad der kyrkjelyden feirar gudsteneste og samlast som fellesskap. Likeins er gravplassane viktige for dei aller

fleste. Der skal ein oppleve at det er godt å vere. På gravplassane skal ein kunne finna rom for å vere stille, og for å stella gravene til sine kjære.

Bygg og forvaltning er særsviktig, men møte med menneska er kanskje det viktigaste. Eg er så heldig at eg får jobbe saman med mange dyktige kollegaer. Dei tilsette i kyrkja har ein heilt unik kontaktflate. Vi møter menneske i glede og sorg, ved høgdepunkta i livet, og i dei djupe dalana. Men det er viktig å seie at vi er der i alle dei gråe kvardagane også. Det er dei det er flest av. Eg ynskjer og at kyrkja skal bidra i samfunnet, både når det gjeld tru, kultur og samfunnsengasjement. Som kyrkje må vi kunne stille sprøsmålet: Kva har kommunen behov for at vi som kyrkje stiller opp med?

*Du er tilsett i kyrkja, er kristen tru viktig for deg personleg?*

Ja eg er vaks opp i ein kristen heim. For meg er relasjonen til Jesus viktig. Det er ein personleg relasjon. Stilletid med Gud er viktig i livet mitt. Samstundes er det viktig for meg å understreka at vi er skapt ulike. Derfor vert våre relasjonar til den same Jesus også ulike.

Vi takkar Kristine for praten, og ynskjer lykke til i arbeidet for kyrkjelydane i Os og Fusa.

**Margrethe Holmboe Askeland**

SOKNEPREST

### Ny medarbeidar

**Agnar Midtsæter** er tilsett i ei prosjektstilling som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar. Vi ynsker han velkommen i staben.



## Søndagssamlingane i vår:

**Søndag 21.04 kl 17.00.** Gudsteneste i Os kyrkje, kyrkjekaffe i Tunet.

**Søndag 2.juni kl 18.00** Søndagssamling i Storsalen.

## Fang lys, gi lys, få lys!

Kirkens Nødhjelp er stolt av sin nye solcelle-lampe. Lampen skal vi gi til folk som virkelig trenger det. Men du kan også sikre deg et eksemplar, og da både få lys og gi lys til andre.

I tillegg skal vi selge lampen i våre butikker fordi vi mener dette er et produkt som kan være nyttig også for nordmenn og våre behov. Vil du kjøpe en lampe, så er den nå til salgs i KN sin nettbutikk: [www.kirkensnødhjelp.no](http://www.kirkensnødhjelp.no).

Her finner du også andre interessante gavetips som er med å forandre verden.

Kirkens Nødhjelp



**Bønemøte  
i Salongen i Tunet**  
Torsdag i oddetalsveker kl 18.00 – 18.30



## Grex Vocalis

**Den 30.mai kl.19.30 held det Oslobaserte koret Grex Vocalis under leiing av Carl Høgset konser i Os kyrkje.**

Me ser fram til ei koroppleving av dei sjeldne, og vonar at mange korvener, songarar og mange andre, vil koma og dela denne kvelden med oss.

Grex Vocalis blei stifta av Carl Høgset i 1971 og etablerte seg raskt som eit av dei leiande kammerkora i Noreg. Koret er inne i sitt siste år, og dette er den siste turneen dei gjer i Noreg.

Koret har heilt frå starten hatt internasjonale musikalske interesser og ambisjonar. Varemerket deira er den spesielle, homogene klangen som har kjenneteikna Grex frå første plateutgjeving og fram til i dag. Grex Vocalis spesialiserte seg i starten på tidlegmusikk, og har teke med seg inspirasjon frå uttrykket til tidlegmusikk til andre epokar. På konserten i Os skal koret framføra musikalske høgdepunkt frå mange ulike epokar, og både utanlandske og norske komponistar.

**Billettar kan de kjøpa i døra, på kyrkjekontoret eller de kan førehandsbestilla billettar hos Hildegunn Aadland 95138011.**

*Os kyrkjekontor i samarbeid med temakveldgruppa på Fitjar*

**Sag og høvleri**

**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

**ALT TIL GUNSTIGE PRISAR**

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

**NMS GJENBRUK OS**  
**MILJØ, MØTEPlass & MISJON**

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**  
Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

**MILJØ MØTEPlass MISJON**

Følg oss på Facebook "NMS Gjenbruk Os"

Støtt våre annonsører



# Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:  
**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

## ING. G. VÅGE A.S.

- 5217 Hagavik  
Telefon.: 56 30 55 39  
E-mail: g-vaage@online.no  
www.vaage.as
- Autorisert elektro og teleinstallatør
  - Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?  
Når du trenger elektriker  
kontakt Gunnar*

DRENERING • MURING • SPRENGING



**BOTNEVIK**

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



# TRAVELNET

REISEGARANTI FONDET RGF

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os  
Tlf. 56304300  
e-post: os@travelnet.no | [www.verden.no](http://www.verden.no)



## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

Tlf.: 56 58 14 06  
Fax: 56 58 39 99  
Mob: 48 25 56 50

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**  
Tlf. 56 30 44 90



## GRAVMINNEN

Stor salgsutstilling av nye monumenter  
Tilføyelser / Oppussing



### STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
Tlf. 55 98 70 00



## Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon  
56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



## DØYPTE

### 6. januar

Luna Valle Aasen

### 13. januar

Aksel Emil Espenes

Sigrid Flakke

Evald Rosvold Gundersen

Ulrik Tveiten Haugsdal

Hermine Haugland Haukås

Andreas Hellebø

Vilde Sæthre Tøsdal

### 20. januar

Elise Haugland Mehammer

Oliva Steinsland

### 27. januar

Embla Savanna Greyle

Theo Solbakken Hansen

Mariann Mjånes

### 3. februar

Agnes Sagerup Solberg

### 10. februar

Lucas Hauge-Kremener

Storm Søreide Holmås

Amalie Lunde-Sørhaug

Jakob Lia Tveiten

### 17. februar

Sverre Engelsen Bjørnen

Jonas Pucci Bratholmen

Ariana Scheie Gjerstad

Vetle Reksten Langeland

Erik Fagerland Raa

Embla Totland

Lea Vangås

### 24. februar

Selma Flesland Nord

### 3. mars

Victoria Røstøen Rynning

### 10. mars

Martin Hellevig Eikeland

Annie Eikeland-Lindborg

Lukas Opheim Haukanes

Wilma Laupsa-Askvik

Leah Lura

Ida Tønnessen Moberg

Odin Bogevik Nilsen

## DØDE

### May-Britt Johnsen

f. 24.05.1958 - d. 03.01.2019

### Ragnhild Klyve

f. 09.03.1942 . d. 03.01.2019

### Gudrun Handeland

f. 31.03.1922 - d. 05.01.2019

### Morten Iversen

f. 28.08.1951 - d. 05.01.2019

### Oline Øvreeide

f. 15.02.1924 - d. 17.01.2019

### Berit Gunhild Fauske

f. 16.07.1934 - d. 25.01.2019

### Per Totland

f. 17.11.1933 - d. 31.01.2019

### Arvid Oma

f. 09.10.1929 - d. 06.02.2019

### Jon Harald Drange

f. 15.07.1948 - d. 10.02.2019

### Godtfred Haugland

f. 22.12.1920 - d. 10.02.2019

### Wenche Storum

f. 11.01.1937 - d. 13.02.2019

### Alf Austad

f. 01.11.1934 - d. 18.02.2019

### Gudny Hjeltnes Amundsen

f. 23.05.1941 - d. 20.02.2019

## Informasjon om Dåp i Os

**Etter 1.10.2018 får  
ikkje kyrkja lenger  
fødselsmeldingar frå  
folkeregistret. Vi kan  
difor ikkje lenger senda  
ut invitasjon til dåp.**

Alle udøypte er velkomne til dåp  
i kyrkja, anten ein er vaksen,  
ungdom eller lite barn.

sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)  
eller ta kontakt på  
telefon 56 57 24 00  
(Måndag – fredag  
kl 09:00-14.00)

## GRAVMINNER



**Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

## OS HAGESERVICE



**Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.**

**56 57 66 77    99 00 80 80**  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)



## Oversikt over kva vi har fått inn i takkoffer sidan 25. desember 2018

Dato	Takkoffer til	Beløp
01.01.2019	Barnearbeidet i kyrkjelyden	kr 2 787,-
06.01.2019	Kyrkjetunet	kr 6 716,-
13.01.2019	Den Norske Israelmisjonen	kr 6 058,-
20.01.2019	Misjonsprosjektet	kr 5 495,-
27.01.2019	Os KRIK	kr 7 470,-
03.02.2019	NLA Høgskolen	kr 6 912,-
10.02.2019	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	kr 5 889,-
17.02.2019	Det Norske Bibelselskap	kr 7 188,-
24.02.2019	Kirkens SOS	kr 4 657,-
03.03.2019	Ungdom i Oppdrag	kr 2 182,-
10.03.2019	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 7 465,-



# Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
<b>07.04.19</b> kl. 10.00: Dåp.	<b>18.04.19</b> kl. 19.00: Kveldsmat. kl. 20.00: Aftansomg med nattverd.
<b>07.04.19</b> kl. 19.00: Nattverd. Dåp. Avslutning fasteaksjonen.	
<b>14.04.19</b> kl. 11.00: Dåp. Myldregudsteneste.	<b>04.05.19</b> kl. 9.30, 10.30 og 13.30: Konfirmasjon
<b>19.04.19</b> kl. 12.00: Pasjonsgudstenste. Korsvandring frå kyrkja kl. 11.00	<b>05.05.19</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>21.04.19</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	<b>12.05.19</b> kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon
<b>21.04.19</b> kl. 17.00: Dåp. Nattverd. Samarbeid med søndagssamlingane.	<b>26.05.19</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>28.04.19</b> kl. 10.00: Dåp.	<b>02.06.19</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Søndag for skaparverket.
<b>28.04.19</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>05.05.19</b> kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon	
<b>11.05.19</b> kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon	
<b>17.05.19</b> kl. 10.00: 17. mai gudsteneste	
<b>19.05.19</b> kl. 10.00: Dåp.	
<b>19.05.19</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>26.05.19</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
<b>30.05.19</b> kl. 16.00: Nattverd. Misjonsstemne.	
<b>02.06.19</b> kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.	
<b>09.06.19</b> kl. 11.00 Dåp. Nattverd	
<b>16.06.19</b> kl. 11.00: Nattverd. Sommarfest.	
<b>23.06.19</b> kl. 10.00: Dåp.	
<b>23.06.19</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>26.06.19</b> kl. 16.30: Avslutning av Skapingsdagane.	
<b>30.06.19</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	

**Kvar søndag frå 07.07. t.o.m. 11.08.  
er det gudstenste i Os kyrkje kl. 11.00  
med dåp og nattverd.**

**For gudstenester i soknet etter den tid  
og for eventuelle endringar:  
[Sjå www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)  
for oppdaterte opplysningar.**

## Andre

### Luranetunet

**18.04.19** kl. 16.00: Nattverd

### Ravneberghaugen

**18.04.19** kl. 17.30: Nattverd

### Liafjellet

**22.04.19** kl. 12.00: Friluftsgudsteneste

### Lysekloster kapell

**10.06.19** kl. 11.00: Dåp



# OS Kyrkjelyd

## TILSETTE:

### SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,  
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

### KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

### SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

### KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, kf@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

### KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no,  
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

### KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

### DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap@os.kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

### FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

### KYRKJELYDSPEDAGOG

### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no  
Janne Fagerås, jf@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),  
Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, og Agnar  
Midtsæter og Linn Kjerstin Rondestveit.

Avs:

Os kyrkjelyd  
Postboks 209  
5202 Os


## BARNESIDA



# BARNAS SIDE

### Finn fem feil!

Jesus venta på dei på stranda med nysteikt brød og fisk. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



### Fargelegg!


Jesus viste seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde. Peter vart så glad at han hoppa ut av båten!



Teikningar: Kari Sortland

### Hjelp ekornet å finne nøttene!

Ekorn er veldig flinke til å gjøyme nøtter, men dei er ikkje like flinke til å finne igjen gjøymestadane sine. Kan du hjelpe ekornet å finne nøttelageret sitt?



### Gje barnebladet

Barnas til eit barn  
du er glad i!



Desse oppgåvene  
er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sundagsskolen.no](http://sundagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00

Kannibalen var på flytur.  
– Har du lyst til å sjå menyen?  
spurde flyvertinna.  
– Nei takk, men eg vil gjerne  
sjå passasjerlista.

### Vitsar

Tre menn snakka saman om merkelege samantreff:  
– Kona mi las ei bok om tvillingar, og så fekk ho det, sa den eine.  
– Kona mi las ei bok om trillingar og så fekk ho det, sa den andre.  
– Hjelp! ropa den tredje. Kona mi sit heime og les Ali Baba og dei 40 røvarane!